

Sykkylven kommune

Dykkar ref.

Vår ref.
23/640-10/KES

Dato
29.01.2026

Sykkylven kommune – nye framlegg til namn på sju vegar – tilråding

Me syner til eit brev som Halstein Kurseth i Sykkylven kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 16. januar i år.

Namn på veg 2 – nytt forslag: *Jasevegen*

(Generell merknad: Det er ikkje skrive noko om kva som er bakgrunnen for dei nye innkomne forslaga.)

Me skjønar det slik at det her er teke utgangspunkt i dyrenemninga *jase* (m.; = 'hare'). Vi har ingen merknader til skrivemåten **Jasevegen**.

I arbeidet med namnsetjing av ulike adresseparsellar vil det har stor verdi å få til ei vidareføring av stadnamn som er nytta på staden frå før. Vi syner her til det følgjande som me skreiv 4. september 2023 om det framlegget om bruk av namnet *Svodene* som låg føre den gongen: «Vegen kan seiast å gå i retning mot Svodene, men namnet *Svodene* vil ikkje vera dekkjande for heile vegparsellen. Difor bør *-vegen* leggjast til som etterlekk i adressenamnet. Me tilrår at **Svodevegen** blir vedteken som adressenamnform.»

Namn på veg 3 – nytt forslag: *Øggardslia*

Vegane 1, 3 og 4 ligg alle på stølsområdet til gnr. 30 i Sykkylven kommune. Både i den gjeldande matrikkelen og i SSR er garden registrert med namnet *Drotninghaug*. Me skjønar det slik at «Øggaren» eller «Fremstøggaren» er nytta som eit daglegtalesnamn på garden.

(Jamfør med det som står om dette på side 144 i band 13 i bokverket *Norske Gaardnavne*.)


Den aktuelle stølen er SSR-registrert med namneformene *Drotninghaugstølen* og *Øygardsstølen* som godkjende og sidestilte former. Viss det nemnde daglegtalesnamnet skal leggjast til grunn for det avleidde namnet som primært er knytt det liområdet det er tale om i denne saka, bør avleiingsnamnet skrivast **Øygardslia** i offentleg samanheng.

Det opphavlege forslaget var å nytte den usamansette namneforma *Lia* som namn på vegen. 4. september 2023 skreiv me slik om dette: «*Lia* er ikkje teke i bruk som adressenamn tidlegare i nokon sunnmørskommune. Me tilrår at vegen får namnet **Lia**.»

(Namnet *Lia* / *Øygardslia* («Øggarslia») er ikkje registrert i SSR.) (Jamfør med det kartutsnittet som er limt inn nedom her.)

Namn på veg 4 – nytt forslag: *Drotninghaugstølen*

Det verkar tilrådeleg å la vegen få namnet **Drotninghaugstølen**. (Sjå det me skreiv nede på side 1 om SSR-registreringa av namneformene *Drotninghaugstølen* og *Øygardsstølen*.) (Det opphavlege forslaget gjekk ut på å nytte *Øggardstølen* som namn på den vegen det dreier seg om her.)



Namn på vegane 5, 6 og 7 – nye forslag: *Lastølen* (på veg 5) og *Laskogen* (som namn på éin parsell (?) der det opphavleg var tale om to (6 og 7); i det nye høyringsbrevet frå kommunen er namneforma *Laskogen* førd opp både på nr. 6 og på nr. 7.)

Me finn grunn til å støtte den føreslegne bruken av namna *Lastølen* og *Laskogen* som vegnamnformer så sant denne harmonerer med den munnlege namnetradisjonen i området. Skrivemåtane **Lastølen** og **Laskogen** må seiast å vere tilrådelege. (I SSR er stølsnamnet registrert med skrivemåten *Lastølen* som ei godkjend og prioritert namneform. I tillegg er *Ladestølen* registrert som ei ikkje-prioritert form. Førelekken *La(de)*- har utgangspunkt i namnet på gard 29 i Sykkylven kommune. Den aktuelle stølen høyrer til den garden. Namnet *Laskogen* er ikkje registrert i SSR.)

Namn på veg 8 – nytt forslag: *Vesleskipet*

I SSR er *Vesleskipet* registrert som namn på ein holme som ligg attmed den vegparsellen det er tale om her. Så sant denne registreringa er i tråd med den lokale namnebruken, bør ein ikkje nytte den usamansette namneforma *Vesleskipet* som vegnamnform. Me tilrår at vegen får namnet **Vesleskipvegen**.

Me minner om at alle adressenamnedtak skal meldast til Kartverket (post@kartverket.no) og til Språkrådet (post@sprakradet.no). (Jf. med § 9 i forskrifta til stadnamnlova). SSR-registrering av adressenamna skjer no automatisk når ein legg namna inn i matrikkelen. (Sjå det som står på adressa <https://www.kartverket.no/til-lands/stadnamn/handbok-for-navnebehandling#heading-10619>). Melding om vedtaka skal likevel sendast til Kartverket og Språkrådet.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Sykkylven kommune

Kopi til:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Vedlegg:

Sykkylven kommune – nye framlegg til namn på sju vegar – brevet frå kommunen i januar 2026	144227
Sykkylven kommune – nye framlegg til namn på sju vegar – vegane 1–4 KART	144228
Sykkylven kommune – nye framlegg til namn på sju vegar – vegane 5–8 KART	144229